



William Hut kjem att til Dønhaug to veker før han kanskje får Spelemannspris nok ein gong. Her er han under konserten der sist haust.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag 18. januar vert det gjensyn med William Hut i Dønhaugkjedlaren, melder Magne Huglen. Bergensaren med det utrulege røysta hadde ein toppkonsert i kjedlaren i oktober og spelte for "fullt hus". No er han enda meir aktuell enn sist han var der – han er nok ein gong nominert til Spelemannsprisen.

Responsen var då så stor at ein utan vanskar kunne fylt opp fleire "kjedlarar", og alle billettane vart førehandstinga før ein fekk annonsert konserten. William Hut likte seg så godt den gongen, at han same kvelden booka inn ny konsert i Dønhaugkjedlaren no i januar.

William Hut er for tida inne i ein rolegare periode når det gjeld live-konsertar. Dette skuldast at han no arbeidar med ein demo til sitt femte solo-album som vil bli sleppt våren 2008. Hans siste album – "Nightfall" kom ut i årsskiftet 2006/2007. For dette er han nettopp blitt nominert til Spelemannsprisen som beste mannlige artist i 2007. Difor vil han vera på plass i Oslo Spektrum 2. februar når prisen skal delast ut. Dette er fjerde gong han er nominert, og han har vunne prisen ein gong (1997) saman med bandet Poor Rich Ones, der han var vokalist.

William Hut opererer innan ulike sjangrar (pop, rock, folk og country) Kva kategori albumet han no jobbar med vil havna i, er ikkje godt å seia. Men at det vert "vakker, ugløymeleg musikk" med melankolien på plass, er heilt sikkert. Kanskje får me høyra ein smakebit eller to i Dønhaugkjedlaren?

Det fyrste av dei fire solo-albuma "Road Star Doolittle" fekk fantastisk mottaking i bl.a. USA. Musikkritikar Rob O'Conner i Rolling Stone plasserte dette albumet blant topp 10 i landet i 2003. Hans neste album "Versus the End of Fashion Park" (2004) fekk også fantastisk kritikk, med bl.a. to radiohits i Norge.

Same år kom "Days to Remember", eit sterkt amerikanskinspirert album. Begge albuma i 2004 vart nominert til Spelemann-prisen. At samme artist vert nominert for to forskjellige plater, i to ulike kategoriar, er alt anna enn daglegdags.

Så i romjula 2006 kom hans fjerde soloalbum – "Nigtfall". Første singel, "Take It Easy" vart ei landeplage av dimensjonar. Då "Nightfall" kom i platebutikkane i romjula 2006, gjekk det berre to veker før Gullplata var på plass, og den har no seld i over 30 000 eksemplar.(platina).

Vegen har ført William Hut til intimkonsert på Bøkkerverkstaden på Rød, eit fullstappa Oslo Spektrum, konsert med Bergen Filharmoniske Orkester,- og utselde konsertar og massiv kritikerskryt i Europa og USA. Suksessen skuldast hans store låtskrivartalent og imponerande stemmeprakt.

Vertskapet på Dønhaug er sjølvsagt stolte av at vi enno ein gong kan tilby ein artist av dette format til gjestene sine. Vi vonar at mange av dei som ikkje fekk billettar sist, er tidleg nok ute og sikrar seg plass til denne "intimkonserten". Sjølv om mange allereide har vore tidleg ute og førehandstinga, er det framleis ledige billettar

Av Magne Huglen